

Fra: Laila Bjørge
Sendt: 23. januar 2015 13:43
Til: ranveigklein@gmail.com
Emne: spørsmål om frådeling av tomt på Fløksand
Vedlegg: 20150122143112.pdf

Hei

Beklager at du har måtta venta på svar. Sjukemeldingar m.m på avdelinga har gjort at arbeid har vorte liggjande.

Skal prøva å forklara litt om regelverket du må forholde deg til.

Det er kommuneplanen som styrer den overordna arealbruken, dvs at dersom eit område er lagt ut til LNF (landbruk, - natur og friluftsområde) som tomten du ynskjer å dela frå, er det i utgangspunktet ikkje tillatt med andre tiltak enn dei som fell inn under LNF. me heldt i desse dagar på å slutføra arbeidet med ny arealdel av kommuneplanen, men for dette området er planstatus lik i begge planane.

Det er to andre utfordringar knytt til å søkja frådeling her og det er avstand til Rylandsvatnet - tomten vil liggja innanfor 100 meters belte til vatnet og der er det i utgangspunktet eit byggjeforbud. Det finst og ein forvaltningsplan for heile Rylandsvassdraget (fordi vassdraget er freda) og sjølv om den er berre retningsgivande ligg tomten innanfor det som er sagt skal vera den strengaste sona i høve til å tillata nye tiltak.

Deet er difor kkje lett å utan vidare kunne få til ein tomt her.

Den vegen du eventuelt må gå er i første omgang å søkja dispensasjon frå arealdelen av kommuneplanen og byggeforbod i 100 meters belte. Vedlagt ligg ei orientering om korleis du går fram. Det er opptil deg å koma med gode argument for at det skal gjevast dispensasjon. Det er slik at fordelane med tiltaket vert vegt mot ulempene, og at tiltaket ikkje må vera til skade for omsyn som gjeld i LNF-område. Du må difor argumentera for at ein tomt her er til skade for landbruk, natur og friluftsliv, og i tillegg skriva fordelar utover at me har forståelse for at det er ein flott plass å ha hytte og du gjerne vil kunna bruka arven din.

- Dersom du sender ein slik søknad vil denne vanlegvis verta sendt på høyring til statlege styresmakter som og har klagerett på vedtak der me gjer dispensasjon. Saker der det vert gitt dispensasjon vert vanlegvis fremja for politisk behandling, Utval for drift og utvikling er det politiske organ som handsamar slike saker. Å få vurdert ein slik søknad kostar kring 10 000 kroner.

Dersom du får dispensasjon vil saka verta handsama vidare som ei vanleg delings sak (handsama etter jordlov og pbl) , og med påfylgjande oppmåling visst dette går greit.

Det at du har ein privatrettsleg rett til å få ein tomt her kan desverre ikkje vektleggast etter lovverket, som tek seg av dei offentlegrettslege omsyna.

Som du sikkert skjønner er det ikkje spesielt lett å få lov til å skilja frå ein hyttetomt i dette området, men du har likevel ein rett til å søkja og få handsama søknaden din. Søknaden må sendast inn av heimelshavar på bruket (den som står oppført som eigar).

Du må gjerne ta kontakt dersom dette er uklart eller du har andre spørsmål.

Med helsing

Laila Bjørge
landbrukssjef
tlf 56171185/95735405

Fra: Laila Bjørge
Sendt: 22. januar 2015 14:31
Til: Laila Bjørge
Emne: